

Mykje snø øvst i Uskedalen.

17.01.2015



Frå Storhaug mot Øvre Musland

Medan det nede i bygda er regnet som dominerer, har det i natt og i dag kome mykje snø i dei øvre delene av Uskedalen. Nokre vi snakka med, meinte det var kome opptil ein halv meter.

Nede i bygda er det berre nokre spreidde flekker med kvitt, men vi ser snøen langt ned i liene. Under ein tur opp gjennom dalen i 12-tida, var det frå Gravene og oppover det verkeleg auka på med snø. Snøen var heile vegen relativt våt og tung.



Ved Vonheim.

Temperaturen nede i bygda viste på det tidspunktet 3-4 grader medan den på Storhaug, der eg snudde, låg og vippa mellom null og ei grad.

Brøytemannskap hadde vore ute på hovudvegen, og dei hadde gjort eit godt arbeid. Likevel kunne det vera litt sleipe kjøreforhold enkelte stader.

Då eg var oppover, var det stor aktivitet med brøyting av private vegar og plasser.

Eg let bileta tala for seg og tar med eit bilete frå sentrum av bygda slik at lesarar utanbygds kan sjå korleis det var der på same tidspunktet.



Frå Øvre Musland opp mot Storhaug.



Og slik var det nede i sentrum.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.